

1. TURKART FOR SYKKYLVEN

Sykkylven har svært mykje å by på for den som likar seg utandørs. Turkartet er laga for å gjere det lettare for fleire å nytte desse moglegheitene.

Tydelege stiar er synte med heil raud strek på kartet. Der stien er mindre synleg eller manglar heilt har vi synt ein mogleg farbar veg med stipla raud strek. Er du i tvil bør du kontakte kjentfolk

Mange av skogsvegane som er på kartet er godt eigna for sykling og trilling med barnevogn.

Elles finn du opplysningar om jakt og fiske, kulturlandskap, stølar, ulike reglar, kulturminne og andre ting som kan vere interessant i tursamheng.

Kartet er produsert i eit samarbeid mellom Sykkylven Jeger- og fiskeforening, Fjellhug natur- og friluftslag, Sykkylven Bondelag, Sykkylven Bonde- og Småbrukarlag og Sykkylven kommune.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavdelinga og Miljøvernavdelinga har gitt økonomisk tilskot til prosjektet.

1-2. ALLEMANNSRETTE

I Norge har vi lange tradisjonar for friluftsliv. Retten til fri ferdsel i naturen er nedfelt i Friluftsløva frå 1957, der den tradisjonelle allemannsretten tufta på gamal sedvane her i landet, vart sikra med lov.

Allemannsretten gir deg rett til:

- å ferdast fritt til fots og på ski i naturen.
- å ferdast over dyrka mark om vinteren (når marka er snødekt eller frosen).
- å bruke kano, kajakk, ro- eller seglbåt i vatn og vassdrag.
- å ferdast fritt i båt, fortøye og gå i land i utmark langs kysten.
- å sykle langs stiar og vegar i utmarka.
- å bade i sjøen, vatn og vassdrag.
- å plukke bær og sopp i utmarka.

Men allemannsretten gir deg også plikter:

Alle som ferdast i naturen har plikt til å opptre med aktsemd for ikkje å skade naturen, og ta omsyn til næringsdrift og andre friluftsfolk.

Dette inneber at vi skal:

- unngå å trø i dyrka mark og eng.
- lukke grunder og ikkje øydelegge gjerder, steingardar, o.l.
- unngå å gjere skade på skog eller anna vegetasjon.
- rydde rasteplassen og ta med avfall og søppel heim.
- hugse bandtvang for hund av omsyn til både husdyr på beite og vilt.
- hugse at bruk av open eld er forbode i tida frå 15.april til 15.september.
- ikkje uroe dyr og fuglar, medrekna reir og ungar.
- spørje før du parkerer bilen utom merka parkeringsplass.

Grunneigar eller brukar har rett til å vise bort folk som opptrer omsynsløst eller skadar eigedom eller andre interesser.

Grunneigar kan ikkje med stengsel, skilt eller på annan måte vanskeleggjere eller stoppe ferdsel som har utgangspunkt i friluftsløva eller allemannsretten.

Den beste takk for turen er å oppføre seg slik at ingen etterpå kan merke at du har vore der.

2. BANDTVANG – DYR PÅ BEITE

I Sykkylven er det bandtvang for hund i perioden 1.april til 1.november.

Denne utvida bandtvangen er innført for vern av husdyr på beite.

Meld frå om du ser husdyr i utmarka etter sankinga. Dette kan vere til god hjelp for den som leitar etter dyra sine. Meld også frå om du treff på skadde eller daude husdyr i utmarka. Gi beskjed til dyreeigar, eller prøv næraste gard eller landbrukskontoret.

Det er også viktig at hundeeigarane har viltet i tankane. Vinteren er ei hard tid for hjorten, og laushundar kan gjere stor skade dersom dei jagar dyr.

3. LANDBRUKET SITT KULTURLANDSKAP

Naturen er slik skapt her i kommunen at frå dei fleste toppar og tindar skuar ein utover eit vakkert landskap sterkt prega av at det framleis er aktiv landbruksdrift i bygda. Det er ei stund sidan landbruket var hovudnæring, men ingen andre næringar pregar likevel landskapet slik som denne. Landbruket i bygda syter for at innpå 15000 da jord står grøn og fin kvart år. Ut frå denne jorda vert det produsert over 2,5 millionar liter mjølk og eit par hundre tonn kjøt kvart år.

Kulturlandskapet er eit resultat av aktiv landbruksdrift. Forsvinn gardsdrifta, gror markane til og landskapet endrar seg. I dag er landbruket inne i ei sterk omstilling med press frå mange kantar. Vi må såleis rekne med at landskapsbiletet vil endrast i komande tider.

Innanfor landbruket er ein oppteken av å ta vare på dei positive verdiane som ligg i kulturlandskapet. Kvart år vert det lagt ned mykje arbeid i restaurering av gamle bygningar, rydding av beiter, reparasjon av steingardar, vedlikehald av vegar og råser og anna tilrettelegging som turgåaren kan gle seg over. Fleire stader har vi aktiv stølsdrift, og på tur møter du dyr på beite i utmarka. Slik sett har vi alle eit forhold til landbruket i bygda.

Frå 2004 skal alle bruk ha eigen miljøplan, noko som mellom anna skal vere med å sikre viktige verdier i kulturlandskapet endå betre.

3. STØLSDRIFT

Utmarka har vore viktig for bonden i Sykkylven i uminnelege tider. Derfor finn vi over alt i utmarka spor etter aktiv bruk. Som eit døme på dette er det på kartet prøvd å markere flest moglege lokalitetar med tilknytning til stølsdrift eller anna bruk av utmarka. Nokre stader er det aktiv drift den dag i dag, medan dei fleste stølane vert nytta som hytter. Andre stader er det berre tuftene att eller det er berre eit namn som vitnar om tidlegare bruk. På kartet er det avmerka aktive stølar, stølar som er ute av drift, og det er forsøkt å få med stølar der dei synlege spora er borte eller vanskelege å finne

4. FORNMINNE

Dei mest kjende fornminna i Sykkylven er funna på Aure, der det i 1989 vart oppdaga restar etter forhistorisk busetting. Der vart sett i gong omfattande arkeologiske undersøkingar, og spor etter gardshus og åkrar vitnar om samanhengande gardsdrift i 3-4000 år. Det er særstytnt å finne dette over ein så lang periode og på eit så avgrensa område. Meir om desse funna er å lese i boka ” I Aura-Pål sitt rike” av Bjørn Ringstad.

Elles er det mange gravhaugar her, og det er funne ein god del gjenstandar i kommunen. Gravhaugar finn vi mellom anna på Aursneset, på Blakstad, i Ullavika og fleire stader i Hundeidvika. Ikkje alle haugane er like godt bevarte og lette å finne. På nettsida Gamle Naboar (www.gamlenaboar.uib.no) og Reiseveska (www.reiseveska.uib.no) finn du meir opplysningar om ulike funn i kommunen.

5. NATURVERNOMRÅDER

I Sykkylven har vi tre naturreservat: Storeide naturreservat er freda for å ta vare på eit variert myrområde og Rømerhornheiane for å ta vare på eit bakkemyrområde. Begge områda har fått verdi som nasjonale typeområde. Gjevenesstranda naturreservat vart oppretta i 2003 for å ta vare på ein særleg rik edellauvskog.

Innanfor områda kan du ferdast som elles i utmarka, men all vegetasjon er freda, også daude buskar og tre.

6. GEOLOGI

Berggrunnen i Sykkylven består i hovudsak av gneis i ulike førekomstlar. Dette er bergartar frå jorda si urtid, deformert og omdanna under den kaledonske fjellkjedefoldinga. Bergartane har stor variasjon i mineralinnhald og utsjånad, men i dei fleste tilfelle er dei gråkvite eller grå av farge og har ei lagvis veksling av lyse og mørke band som kan vere frå nokre mm til fleire meter tjukke. Dei lyse laga har for det meste feltspat og kvarts, medan dei mørkare har mykje mørk glimmer og noko hornblende.

Frå Aursneset over Lyshol, Aurdal og mot Melsetvatnet går det eit band som inneheld meir kalkrike bergartar. Same bergartane finn vi på Blakstad, og dessutan i ei stripe over Tuvatnet og opp Tudalen til nord for Sæssvatna.

Kalkbrota i kommunen er knytt til desse forekomstane.

Raudeberget mellom Grebstadlia og Lysholsetra er ein liten olivinforekomst

(Kjelde: NGU Geologisk kart – Ålesund)

7. KVARTÆRGEOLOGI

For om lag 18-20 000 år sidan hadde isen si største utbreiing. Heile Skandinavia var dekt av is, og på Sunnmøre låg breen heilt ut til Eggakanten. Berre dei aller høgaste toppane stakk opp over isen som nunatakkar. Desse er i dag karakterisert av ei forvittra overflate

(blokkhav), slik ein m.a. finn på Skopphornet og Regndalstindane/Råna.

For om lag 12 000 år sidan førte mildare klima til at breane smelta ned. Karbondatering av skjell funnen i leire ved idrettsplassen på Aure syner at Sykkylvsfjorden var isfri for om lag 11 600 år sidan. Nedsmeltinga førte til utvikling av breelvavsetningar ut mot fjordane, slik vi finn på Haugset og ved Vik-Blindheim. Havet stod på den tida om lag 75 m over dagens nivå.

Ei kraftig kuldeperiode for 10-11 000 år sidan førte til at breane igjen vaks og forma store brerandtrinn. Sand- og grusavsetningar i Hundeidvik, på Riksheim, Fet og Brunstad er breelvavsetningar frå denne tida. Botnane i Drivdalen og Regndalen var fylte med is i denne perioden. Den store breelvavsetninga ved utløpet av Brunstaddalen tyder på at breen frå Regndalen gjekk tvers over Velledalen og demde opp eit større vatn i øvre del av dalen.

Etter 10 000 år før notid vart klimaet markert betre, og breane smelta bort. Dei små breane vi har i dag oppstod truleg ikkje før klimaet igjen vart kaldare og fuktigare for om lag 5000 år sidan.
(Kjelde: NGU Kwartærgeologisk kart Sykkylven 1998)

8. BERGVERKSDRIFT

På Lyshol vart det på slutten av 1800-talet starta opp kalksteinsbrot. Der vart også oppsett ein kalkovn bygd i gråstein. Denne er i dag borte. Seinare vart driftsrettane overdrege til H. Schmidt, som dreiv sementvarefabrikk på Blindheim. Kalkommen på Blindheim er frå denne drifta. På Blakstad var Blakstad Kalkmylne i drift i 1920-åra. I Alnakken over Brøvoll vart det rundt 1890 starta uttak av feltspat, men denne drifta vart lagt ned etter om lag 10 år. På 1830-talet vart det funne kopar i Vardefjellet på Melset. Det vart sett i gong prøvedrift, men noko større drift kom aldri i gang. I 1881 vart det også funne kopar i Itlehammaren på Lyshol, og i nokre år vart det teke ut malm herfrå. Koparhola er merka på setrevegen frå Lyshol.

(Kjelde: A.M. Heltzen Bergverksdrift på Sunnmøre 1996)

9. FISKE

Sjøfiske

Fjorden byr på gode fiskemoglegheiter året rundt. Med båt har du alle moglegheiter, og mange stader er det fint å fiske frå land. Allemannsretten gir deg rett til å ferdast i strandsona der du vil, men hugs å syne aktsemd for hus og hytter.

Fredingssoner ved utløp av vassdrag

I tida frå og med 15.april til og med 30.september er fiske etter laks og sjøaure forbode innanfor fredingssonene. Forbodet omfattar faststående reiskap og fiske med dorg og oter. Forbodet gjeld ikkje fiske med garn etter andre fiskeslag enn anadrom laksefisk når øvste kant av garna står på 30 m djup eller djupare, og ikkje nokon del av reiskapen står nærare elvemunningen enn 500 m. (Forskrift 1994-05-31 nr 619)

Ferskvatn

I Sykkylven har vi rundt 40 vatn med stort og smått, dei aller fleste med fisk. Stort sett aure, men også nokon med røye. Kvaliteten kan

variere mykje, men fleire vatn har så god bestand at du kan få mange flotte fiskeopplevingar. Fitjavatnet og Andestadvatnet skil seg ut som store lågtliggende vatn, der det også går opp laks og sjøaure

Kortsal hos B.S. Aure Intersport eller grunneigarar.

Laksefiske

Sykkylven har fleire lakseførande elvar, og i gode år kan fangstane vere store. Både i Aureelva og Velledalselva er det egne klekkeri, der grunneigarlaga driv aktiv kultivering for å ta vare på den særleine laksestamma i kvar elv.

I Straumgjerde vert det sagt at vi har "Europa's kortaste lakseelv". Her er det fint tillaga friområde langs elva med fiskebu og elles gode tilhøve for fiskarane.

Langs Aureelva har grunneigarane rydda og lagt til rette for ferdsel i heile strekninga frå riksvegen og opp til Andestadvatnet. Ved Storhølen er det sett opp ei triveleg fiskebu.

Kortsal: Aureelva	B.S. Aure Intersport
	Knutgarden – Olav Asbjørnsen
Velledalselva	Straumen Kro, Straumgjerde
Vikeelva	B.S. Aure Intersport

10. JAKT

Jegerregisteret - Jegerprøve

Alle som vil drive jakt i Norge må vere registrert i Jegerregisteret i Brønnøysund og ha betalt jegeravgift. Jegeravgiftskort vert sendt ut i mars/april til alle registrerte jegerar som har betalt jegeravgift minst ein gong i løpet av dei siste tre åra.

Alle som har fylt 16 år, og som ikkje er oppført i Jegerregisteret skal før jakta ha bestått jegerprøva. Desse får tilsendt jegeravgiftskort etter bestått prøve.

Jegerprøva består av eit praktisk-teoretisk kurs og skriftleg eksamen. Prøva kan avleggast frå fylte 14 år. Sykkylven jeger og fiskeforening arrangerer jegerprøvekurs kvart år.

Aldersgrense

For å drive sjølvstendig småviltjakt må du vere 16 år, medan du må vere fylt 18 år for å drive storviltjakt.

Hjortejakt

I perioden 1992 til 2006 vart det felt om lag 200 hjortar kvart år i kommunen. Hjorten utgjer såleis ein viktig ressurs for grunneigarane. I 2006 er det 17 vald i kommunen. 7 av desse er storvald der grunneigarane i felleskap forvaltar hjorten etter egne bestandsplanar.

Småviltjakt

I Sykkylven kan du også jakte rype og anna småvilt. Dei fleste fjellområda er tilgjengelege gjennom kortsal, og kan by på gode jaktmoglegheiter.

Kortsal hos B.S. Aure Intersport.

Frå 1.januar 2005 er det totalforbod mot bruk av blyhagl til jakt.

Jakttider:	F.o.m – t.o.m.
Hjort	10.september - 15.november.
Rype og hare	10.september – 23.desember/28.februar.*
Orrfugl og storfugl	10.september - 23.desember.
Raudrev	15.juli - 15.april.
Mår	1.november – 15.mars.

Røyskatt	21.august - 15.mars.
Villmink	heile året.
Gaupe	1.februar - 30.april.

* NB! Lokale fredingar kan førekome, då grunneigarane står fritt til å innskrenke jakttida. Til dømes er det vanleg i Sykkylven at rypejakta stoppar 23.desember, medan den generelle jakttida for rype i Norge er ut februar. Undersøk alltid når du løyser kort.

9. VIL DU VITE MEIR?

TURBØKER

Døme på nokre aktuelle bøker for Sykkylven:

Fjellhugboka

Rutebeskrivelsar for dei fleste fjella i Sykkylven. Med. kartutsnitt, detaljert ruteomtale, vanskegrad, mm. Fjellhug Natur- og Friluftslag 1996

Fjellboka

Hefte med detaljert omtale av omlag 50 fotturar i Sykkylvsfjella. Indre Sunnmøre Bedriftsidrettsråd

Fotturar på Sunnmøre

Ruteomtale for turmål på heile Sunnmøre. Gjennom-illustrert med fargebilete der turane er teikna inn på bileta. Standal/Hagen/Wangen Iriss Forlag 2000

Randersboka

Sunnmøre. Reisehåndbok av Kristoffer Randers. Klassiske turhåndbok med omtale av turar på heile Sunnmøre. Første utgåve kom i 1890. Ålesund – Sunnmøre Turistforening 5.utg. 1989

INTERNETT

Det ligg svært mykje informasjon på nettet, og nye sider kjem stadig til. Her er teke fram nokre få sider. Mange fleire ligg ute. Søk gjerne på Sykkylven og sjå kva du får fram

- Vintersport www.sunnmorsalpane.no/ Allsidig informasjon frå Fjellseter skiarena, med snørapport, værmelding, løypekart, bilder, mm.

- Fornminne www.gamlenaboar.uib.no , www.reiseveska.uib.no Universitetet i Bergen. Her kan du velge kommune og få informasjon om fornminner og andre funn i Sykkylven. Dekker vestlandsfylka.

- Ålesund og Sunnmøre Turistforening. www.aast.no/

10. OM ORGANISASJONANE BAK

FJELLHUG NATUR- OG FRILUFTSLIVLAG

Fjellhug er eit lag som arrangerer varierte turar året rundt, frå familieutflykter til meir krevjande bre- og toppturar. Laget engasjerer seg i naturvernsaker og arbeider for eit naturleg "ikkje-konkurransomotivert" friluftsliv. Fjellhug har i 2003 ca 120 medlemmar.

SYKKYLVEN JEGER OG FISKEFORENING

Sykkylven Jeger- og fiskeforening er tilslutta Norges Jeger- og fiskeforening, og arbeider på lokalplanet innan områda jakt, fiske, friluftsliv og naturforvaltning. I 2003 har foreninga omlag 110 medlemmar.

SYKKYLVEN BONDELAG

Sykkylven bondelag er ein næringspolitisk og fagleg organisasjon for bønder og andre med interesser i og for norsk landbruk. Laget ynskjer å skape engasjement blant medlemane gjennom fagleg og sosial verksemd, men driv og utadretta verksemd til nytte for lokalsamfunnet. I 2003 har laget ca. 90 medlemmar.

SYKKYLVEN BONDE OG SMÅBRUKARLAG

Sykkylven bonde- og småbrukarlag er ein samskipnad for bønder og andre interesserte. Laget er politisk nøytralt og kjempar for at distrikts-Norge skal få leve i tida som kjem. I 2003 har laget ca. 70 medlemmar.

SYKKYLVEN KOMMUNE

Sykkylven kommune har gjennom lovverk og eigne politiske vedtak eit ansvar for vere med å legge til rette for friluftsliv og stimulere til auka bruk av naturen. Vi vonar turkartet kan vere eit positivt bidrag til å få fleire opp av godstolen og ut i naturen.

11. FRAMSIDE

TURKART FOR SYKKYLVEN